

Simadal Sameige
v/leiar Oddmund Sæ
Austvikvegen 72
5554 Valevåg

NVE- Konesjonsavdelinga
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

Austvik 24. august 2014

Høyringsuttale i samband med konsesjonssøknad for Skytjedal pumpe

Statkraft Energi AS har sendt konsesjonssøknad for pumpe og kraftverk til NVE for handsaming. Grunneigarane av Skytjedalen ynskjer her å koma med ein uttale i samband med utbygginga. Grunneigarane er Simadal Sameige som er eit registrert tingsrettslig sameige med til saman 24 eigarar med ulike partar. Jordsameiga omfattar eit fjellområde på ca 150000 da og fiske i Sima elv som frå gammalt av har tilhøyrt bruka.

Årsmøte i Simadal Sameige, er i mot denne utbygginga. Simadal og Simadal Sameige har i dalen og på fjellet gitt store bidrag til kraftforsyninga i Noreg, med påfølgjande store inngrep i naturen. Grunneigarar i Simadal har vore restriktive til bygging i fjellet og ynskjer at området skal vera mest mogleg urørt. Skytjedalfossen i Sima (300 m fall) er ein av Noregs 6 høgaste fossar.

Utbygging av Skytjedal pumpe medfører redusert vassføring i vassdraget og negative konsekvensar for Skytjedalfossens opplevingsverdi og fossen si tyding som ein attraksjon. Redusert vassføring vil vere negativt for fossesprøytsone i Skytjefossen.

I sommarhalvåret vil redusert vassføring ytterligare forverra oppvandringstilhøva for anadrom fisk i Sima elv. Reduksjon av vassdekka areal vil også redusere tilgjengelig gyte- og oppvekstareal for fisken. Naturmangfaldlova (NML) sin § 10 presiserer at nye inngrep ikkje kan verta tillate utan at påverknadar frå tidlegare utbyggingar og naturinngrep også vert vurdert. Dette er eit område som er allereie er sterkt påverka av mange tekniske inngrep, og såleis ikkje toler fleire inngrep. Anleggsaktivitet i utmarksområdene i Skytjedalen kan verka forstyrrande for folk som ferdast i Skytjedal og dyr på beite (Isdal-Skytjedal beitelag slepp årleg 1200-1300 sau på beite i det aktuelle område). Skytjedalen vert brukt av fastbuande og tilreisande til haustingsaktivitetar som jakt (småvilt og hjort), fiske og bærplukking .

Influensområdet inngår òg i eit hekkeområde for kongeørn . Det vart observert kongeørn i Skytjedalen 2011. Det vil vera ekstra negativt at transport av materiell og folk inn i området vert med helikopter. Massedeponiet og deler av røyrleidningstraseen vil vera opne sår i naturen som det vil ta mange tiår før spora er fjerna.

Me fryktar at Bispevegen vil kunne bli berørt av røyrtaséane.(Bispevegen som er av dei eldste registrerte fjellvegane i litteraturen og er eit automatisk freda kulturminne.) I Skytjedal er det og fleire gamle hustufter og kolgroper som er datert til mellom år 260 og 430.

Tiltaket vil auka straumproduksjonen med 27 GWh årleg frå dagens 1755 GWh til 1782 GWh. Produksjon i Sy-Sima kraftverket tilsvare under 1,5 % av total eksisterande produksjon og inngrepet utgjer difor ei svært lita innverknad på straumproduksjonen. Vassdragsreguleringslova § 8 legg til grunn vilkår som konsesjonsvurderinga skal føregå etter, ei interesseavveging etter denne tilseier at føremonene ved inngrepet må vera større enn ”skader og ulemper” for allmenne interesser.

Me vil på grunn av svært negative natur- og miljøkonsekvensar råda NVE til å avslå søknaden i frå Statkraft Energi A/S.

Med helsing
Oddmund Sæ
- styreleiar Simadal Sameige-